

Bokn Bygdablad

Nr. 10 desember 2013 – Årg. 28



Ny barnehageavdeling – s. 3

Innovativt – s. 4

Julemiddag – s. 5

Stemningsfullt – s. 7



www.bygdabladet.no

KJERT PÅ **BOKN**





RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding!

Budsjett 2014

Kommunestyret skal handsama drifts- og investeringsbudsjett for 2014 og økonomiplan for 2015-2017 i møte den 17. desember. Framlegget til rådmannen er tilpassa kommunen sitt økonomiske inntektsnivå. Endringane i den demografiske utviklinga i Bokn, i tillegg til fleire ressurskrevjande brukarar, gjer at tenesteproduksjonen må finansierast utan at ein i tilsvarande grad kan venta å få auka inntekter.

I rådmannen si innstilling til kommunen sitt øvste politiske organ, blir det likevel føreslått fleire nye investeringar. Mellom anna ynskjer ein å ta tak i arbeidet med å auka tryggleiken mot brann i sjukeheimen. Difor er det føreslått satt av 300.000 kroner til å installera overrissingsanlegg. Saka blei fyrst omtala saman med overrissingsanlegg for omsorgsbustadene i budsjettet for 2011, og med bakgrunn i utarbeida tilstandsrapport, ynskjer ein nå å kome vidare med dette arbeidet. Det er også føreslått sett av 200.000 kroner til arbeidet med å planlegga for ein auke i produksjon av kommunalt vatn. Noverande anlegg vil ikkje ha kapasitet til å møte folkeauken, og vasskjelda må regulerast og det må bli bygd nytt reinseanlegg og høgdebaseng. Rådmannen har føreslått at det i 2014 og 2015 blir satt av 200.000 kroner til leige av prosjektleiing og planlegging.

I budsjettet for neste år er det elles føreslått satt av 5 millionar kroner til å prosjektera, henta inn tilbod og å gjera klart det kommunale bustadfeltet på Fyren. Reguleringsplanen for området blei godkjent i oktober 2013 og feltet vil gje plass til 14-16 bueiningar fordelte på einbustader og hus. Ein vil henta inn anbod og leggja til rette i 2014, og tomtene vil venteleg kunne leggast ut for sal mot slutten av neste år. Elles er det frå administrasjonen føreslått at kommunestyret løyver 10.000.000 kroner til kjøp av areal til hustomter med sikte på å fylla opp intensjonane i kommuneplanen.

Når det gjeld drift, har rådmannen føreslått fleire mindre tiltak. Det er krav om at ein må ha grunnopplæring for å vera med i det frivillige brannvesenet, og av denne grunn er det føreslått satt av 80 000 kroner til deltaking i kurs som blir arrangert lokalt saman med andre kommunar. I tillegg er det satt av eit mindre beløp til innkjøp av noko nytt utstyr, mellom anna nye hjelm.

Det er i denne samanhengen også føreslått satt av 70 000 kroner til drift av nytt naudnett. Utover dette er det satt av mindre beløp til mellom anna nye senger til sjukestova, nytt byggesaksprogram til seksjon teknisk, elektroniske «Smartboard»-tavler til skulen og leiker til barnehagen.

Kommuneplanen for Bokn

Kommunestyret skal i møte den 17. desember endeleg behandla og godkjenna kommuneplanen for Bokn. Det har sidan oppstarten av rulleringa i 2008 vore ein omfattande prosess å kome fram til eit endeleg dokument som utgjer sjølve «generalplanen» i Bokn. Det har kome inn mange gode og fornuftige innspel og det har vore eit godt politisk og administrativt engasjement gjennomom kommunestyreperiodar. Det har blitt brukt mykje tid på dialogen med regionale styresmakter, spesielt avslutningsvis det siste året.

Kommuneplanen er vårt overordna strategiske styringsdokument og inneheld mål og retningsval for utviklinga av bygda vår. Han skal ivareta kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Retningslinjer og pålegg frå statlege og regionale styresmakter skal leggast til grunn. Konfliktområda har vore mange, men eg meiner at planen som skal handsamast den 17. desember er eit godt dokument der ein har balansert heilt til mål gjennom krevjande farvatn. Dette dokumentet vil vera eit godt og viktig planleggingsverktøy for oss politikarar når framtida i Bokn skal formast. Eg meiner også at me har fått gjennomslag frå storsamfunnet innføre område som er viktige med tanke på vekst og utvikling i Bokn, og spesielt med tanke på synergiane som utan tvil vil fylgja Rogfast. Dette gjeld spesielt område som er sette av til bustad, næring og offentlege formål.

I ein slik prosess er nokon nøgde mens andre ikkje fekk med innspela sine. Slik vil det alltid vera, men det går nye tog for dei som ikkje har fått gjennom innspela sine i denne omgangen. Kom-



muneplanane skal rullerast kvar kommunestyreperiode, og i Bokn kommuner må ein allereie nå planlegge for ei ny rullering. Då kan ein sjølv sagt koma med nye forslag.

Boknakalender 2014

Saman med årets siste utgåve av Bokn Bygdablad, finn de Boknakalenderen for neste år. Som tidlegare år inneheld kalenderen tretten flotte motiv frå ulike stader i bygda. Redaksjonen har lagt vekt på å ha ei god blanding, både når det gjeld motiv, stader og fotografar. I denne kalenderen har ein elles fått med flotte bilete tatt av fotografane Tove Iren Bråthen og Ida Kristin Vollum i Vest foto & forlag. Nokre av desse bileta kan ein finne att i boka «Nordsjøvegen» som blei gitt ut på nemnde forlag i haust og som presenterar dei 25 kommunane som soknar til Nordsjøvegen frå Kristiansand til Haugesund. Bileta har fått fylgje av ein kort krigshistorisk tekst knytt opp til dei ulike stadene, og er skriven av Birger Lindanger. Elles set me stor pris på alle bidraga som kom inn, og ein vil også oppmoda andre om å sende inn «blinksot» som kan egne seg i kalenderformat. Eg håpar kalenderen fell i smak og finn vegen opp på mange kjøkkenveggar.

Eg vil ynskja alle lesarane av Bokn Bygdablad ei fredeleg julehelg og eit godt nytt år!

Ordføraren



Åpning av den nye avdelinga i barnehagen

Tekst: Anne Ottem - foto: Jardar Havikbotn

Endelig var dagen kommet, og den nye avdelingen skulle formelt åpnes. Humøret var på topp, da de inviterte fra Boknatun, skolen, foreldre og barn venta spent foran inngangen til den nye avdelinga.

Det er blitt et veldig fint nybygg, med romslige løsninger akkurat slik vi i barnehagen ville ha det. Vi er glade og takknemlige for at formannskap og kommunestyre har tatt oss på alvor, og gått in for å gjennomføre prosjektet.

Kyrre holdt et innlegg om byggeprosessen og personalets involvering underveis. Han delte også ut blomster og gave: **Et nytt klatrestativ som skal stå på det nye tomteområdet mot Boknatun. Tusen takk for den supre gaven!!**

Da snora vel var klippet, gikk alle inn til kake, kaffe og cola. Ja, barna ønsket selv cola denne dagen – en kan jo i ytterste konsekvens forvare det med rammeplanens intensjoner i forhold til medvirkning??!!

Utdanningsforbundet Bokn, ved Sigrunn H. Hosaas gav også barnehagen blomster og en flott bulldoser til barna. Tusen takk til dere!

Det ble en fin markering, og mange glade voksne, foreldre og barn koste seg sammen utover ettermiddagen.

En spesiell takk til Julianne som hadde laget den gode og artistiske åpningskaken!

Hilsen stolt styrer i barnehagen.



Spente barn og voksne.



Overrekkelse av gaven – nytt klatrestativ.



Den flotte kaken som barna har vært med på å pynte.



De store fine lokalene beundres.

Haugaland Turbonett AS oppgraderer

Jardar Havikbotn

Konkurransen om kundane på digitale tenester innan internett, TV og telefoni i Bokn hardnar til. Haugaland Turbonett AS (HT) doblar nå farten på internettet utan at det kjem til å kosta meir.

For å kunna køyra full kapasitet på hovudsendarane deira på Alvestad, må ein del "gamle" husantennar skiftast ut. Dagleg leiar ved HT, Nils Kåre Jørmeland, fortel at dette arbeidet ikkje vil medføra kostnader for brukarane.

- Dei som har 5Mb/s i dag vil få 10Mb/s og dei som har 10Mb/s i dag vil få 20Mb/s, seier han, og meiner at prisane deira er blant dei lågaste i landet.
- Det kostar 300 kr. pr. mnd. for 10 Mb/s og 400 kr. pr. mnd. for 20 Mb/s.

Enkelte kunder mottar allerede 20Mb/s. Jørmeland reknar med at heile oppgraderinga er ferdig i februar 2014.

1 Gb/s til private

Ut på nyåret vil HT levera fiberinternet til private til 500 kr. pr.mnd for 100 Mb/s. og i løpet av 2014 kjem tilbod om 1000 Mb/s, altså 1 Gb/s på plass. Prisen her er ikkje klar enno. Dette gjeld stadene der Telenor eller Broadnet har fiber som HT kan leia.

Det offensivet firmaet har i år etablert eit samarbeid med RadioHaugaland, og har fått sett opp fire sektorantennar på



Nils Kåre Jørmeland (tv.) og Vegar Våge i Haugaland Turbonett AS har mykje å tilby kundane sine.

Steinsfjellet i Haugesund, slik at dei kan senda i alle retningar. Kvar antenne har kapasitet på 300 Mb/s. Denne plattformen heiter Airmax.

Aktive

I tillegg til at det nå vil gå 300 Mb/s mot Bokn, held firmaet på å montera antenner i Skudenes, Åkra og Haugesund sentrum. Hotspots for mobil rundt omkring på Haugalandet står også på lista. I Bokn gjeld dette i førs-

te omgang nordenden i Kro og Arsvågen. Her kan altså HT-kunder gå på internett med mobiltelefonen sin.

Via Telio tilbyr HT også bredbandstelefon. Telio har nå overtatt NextGenTel og vil i 2014 jobba med å etablere ein eigen TV-plattform.

- Når denne kjem på plass vil me også kunna levera TV-tenester, avsluttar Nils Kåre Jørmeland.

Innovativt frå Rogaland Marine

Jardar Havikbotn

I midten av desember var Rogaland Marine AS (RM) på Røst lufthavn og overleverte Noregs første beredskapsbåt frå Sealegs, med påmontert Honda-motor (verdas første) - "Powered by Honda" til lands og til vanns.

Motoren for hjuldrifta på amfibiebåte-ner er ein Honda 24 HK og på "hekken" er det montert ein Honda påhengsmotor (150 HK).

- Då er kvaliteten komplett! seier Rune Stangeland til Bokn Bygdablad. Eigar-eren av bedrifta i Knarholmen er svært nøgd med at dei nå har selt båten til Avinor, og ser fram til å gi opplæring av verdas første beredskapsbåt med Honda-motor.

Ny båt

RM har også utvikla ein ny båt av merket Inter, i samarbeid med Inter



Verdas første beredskapsbåt frå Sealegs med Honda-motor.

Trading. Dette er ein båt med tanke på dei som treng mykje uteareal kombinert med god lasteevne og stor fart. Båten har ein toppfart på 22 knop med 120 Yanmar og eit deksareal på ca. 10 m².

- Me kan også levera han med overnattingsmoglegheiter og toalett samt varme i "hytten", avsluttar ein kreativ leiar av RM, som er eit godt døme på at båtbransjen på Bokn ikkje går i vinterdvale.

Ny båt frå Inter.



Julemiddagen 2013

Tekst: Irmelin Taraldlien - foto: Malena Hognaland

Tradisjon tru så vart det laurdag 14. desember arrangert julemiddag for ungdommane på Bokn. Dette blei arrangert i gymsalen på skulen. Totalt var det 39 ungdommar så vart påmeldde i år, det syns eg er utruleg bra! Og det var flotte ungdommar som kom inn døra då klokka var 19:00!

I år fekk eg med meg fire flinke damer til å hjelpe meg med å servera, rydda og vaska. Det var Hilde Louise Hansen, Merete Alvestad, Grethe Alvestad og Elisabet Taraldlien. For å seie det slik, det er ikkje vanskeleg å halde julemiddag med så flinke og effektive damer med på laget. Tusen takk for hjelpa dykkar!

Det blei servert ribbe og pinnekjøtt med tilbehør til mat, dette fall i smak hjå dei fleste, trur eg!

Då eg spurde dei om maten var god fekk eg "ja, det var kjempegodt!" til svar.

Desserten var raud gele med vaniljesaus, og riskrem med raud saus... mmm...

Riskremen gjorde eg ein liten ekstra ting ut av i år, med å ha to mandlar i riskremen, og sjokolade til premie for dei som fann mandlane.

Etter dessert vart det tid for litt dans, etterfylgt av pakkeleiken. Her hadde eg på førehand pakka inn 14 pakkar til leiken. Då stilte dei som ville vere med på leiken seg opp i ein stor sirkel på dansegolvet. Deretter starta eg musikken, og ungdommane byrja å senda pakkar til den som stod til høgre for seg. Tilslutt vart det 14 ungdommar så fekk pakkar med snop og diverse inni.

Deretter var det konsert med Ida og Lisbeth. Dei song både i lag, og solo, og alle ungdommane klappa og song med. Og eg må berre seie tusen takk til Ida og Lisbeth for ein sulande god konsert!



Lisbeth Skjelde

Ida Havikbotn

Då konserten var ferdig blei det tid til litt meir dans utpå dansegolvet, før me skulle kåra julemiddagens King og Queen. Etterfylgt med trekning av FKH-skjerv og -ball. Årets King og Queen blei Sverre og Kristina, der dei blei jubla opp, og dei fekk kroner, ei rosa kvar, og sjokolade av meg. FKH-skjerv og -ball gjekk til Marita og Audun, gratulera!

Som barne- og ungdomsarbeidar kjenner eg litt på kva oppleving fekk ungdommane denne kvelden. Eg har då eit håp om at dei hadde ei god oppleving, og at dette var ei fin avslutning for Petra fritidsklubb for i år!

Tilslutt vil eg berre seie at eg ynskjer ungdommen, og foreldra deira ei fredfylt og god jul. Samt eit godt nyttår med mange nye moglegheiter!



GOD JUL FRÅ EIT FORNØGD PETRA-STYRE, bak frå venstre: Malena Hognaland, Eline F. Øvrebø, Sylvia Vatnaland og Simmen Karoliussen.

Framme fv. Jørgen Nilssen og Joachim O. Paulsen.

Foto: Irmelin Taraldlien

Oppussing av Idrettshuset

Jardar Havikbotn

Klubbhuset til Bokn idrettslag er pussa opp utvendig og innvendig.

Leiar Trond Vatnaland kan opplysa at den nye terasse-døra er sponsa av Mæland Bygg AS. Tindeland Rør AS har bidratt til at dei omsider har funne og eliminert kjelda til dårleg lukt i gangen. I utleigelokalet er det nymalte veggjar og tak og nye gardiner.



Idrettshuset er pussa opp utvendig og innvendig.

- Nå gjenstår det montering av varmpumpe i hovudlokalet og noko

oppussing i gang, kjøkken og toalett, avsluttar Trond Vatnaland.

Bygdebokarbeidet

Birger Lindanger

Arbeidet går stødig framover. Bygdeboka har møte kvar månad og farten er kring 50 sider manus i månaden. Til saman ligg det nå føre rundt 1200 sider manus og me er komne eit stykke inn i etterkrigstida. Bokns fortid er meir innhaldsrik enn me i utgangspunktet skulle tru!

Venteleg er det 2-300 sider att av boknasoga før me er til endes. Det inneber at me vil vera ferdige med manuskriptet i løpet av våren slik at bøkene kan liggja føre i god tid før neste jul.



Foto: Jardar Havikbotn

Juleavslutning 12. desember for bygdeboknemnda, fv. Reidar Alvestad, Sigvart Våga, Leif Vatnaland, Olaug Hognaland, Arne Øvrebø og Birger Lindanger. Olav G. Larsen var ikkje til stades då bildet blei tatt.

Med det vil bygdeboknemnda ynskja alle historieinteresserte boknararar ei

framifrå og fredeleg jul.

Små endringer i Juleevangeliet, fra barnemunn:

Maria var gift med Josef, men så ble hun gravid med en fallende engel. Derfor måtte de kjøre eselet helt de kom til et ungdomsherberge. Men der fikk de ikke komme inn. Til slutt måtte de bo i en gammel, råttne låve som en eller annen bonde eide, og Jesusbarnet måtte ligge oppi en skål mens eselet fremdeles stirret på ham.

Hyrdene hadde turban på hodet mens de gjetet sauer og høner. Etter at hyrdestunden var slutt, dro de for å besøke Jesus på julaften. Det er derfor vi gir hverandre gaver i dag. Men de spiste nok kanskje ikke ribbe.

Jeg tror de spiste grønnsaker og drakk vin. Eller kanskje de grillet eselet tross alt? Hyrder er egentlig vanlige mennesker. Det er ikke noe å le av.

Det var julestjernen som lyste så høyt at de tre vimsete menn ble ført fremover til låven der Jesusbarnet lå i skjødde til jomfru Maria.

De vise menn så en stor stjerne som de fulgte etter. Til slutt kom de fremtil Jesus, som den gang bare var et vanlig barn. Så ga de Jesus røyk og myrra.

I gamle dager surret de sammen Jesusbarnet med en slags bandasje og masse strikk. Så svøpte de ham rundt.

De var så kristne at de smilte hele tiden.

Josef ble far til Jesus Kristiansen i en grisebinge uten at noen visste om det. Først visste han det ikke selv engang. Til slutt fikk han vite det av en engel som tilfeldigvis fløy forbi. På den måten begynte den oppvoksende slekt å vise seg.

Og de måtte bare spise korn, for de hadde ikke noe annet. Dessuten hadde ikke dyr det bedre enn mennesker på den tiden.

Kilde: Internett

Stemningsfull Luciafest

Jardar Havikbotn

Innleiingsvis sa korpseiar Odd Grønnestad at "festen blir slik han har vore i 45 år". Og det blei han.

gjester til Luciafesten. I år var det ingen slike gjester, men den tradisjonelle *Ord for kvelden* er alltid med. — var



STEMNINGFULLT AUGEBLIKK: Fjerdeklassingar gjennomfører Luciaoptrinn til tonar frå Bokn skulekorps.

Det er stolte tradisjonar som blir halde i hevd kvart år i adventstida. Stikkord er Luciaoptrinn, korpsmusikk og lys - lys i adventsstaken, på borda, på veggane, på det store fine teppet bak korpset på scenen - og ikkje minst i folda barnehender ut frå kvite englekapper. Flinker barn i djup konsentrasjon gjer seg sjølv og familiemedlemmer stolte med å gjennomføra eit knirkefritt Luciaoptrinn og skapa stemning i ein fullsett sal.

Bokn skulekorps og Bokn Brass framførte kjende julesongar. Dirigent Lillian Grønnestad hadde mykje å gjera. I tillegg til begge korpsa leia ho også den eine aspirantgruppa på scenen. Det er gledeleg at skulekorpset har heile tre aspirantgrupper. Den eine opptådte ikkje denne kvelden pga. sjukdom.

Musikkorpset inviterer ofte musikalske



FULL KONSENTRASJON: Fv. Matilde Skjelde, Naol T. Lundervold, Tuva Bryningsland, Anna Larsen og Sofie Øvrebø.



Torhild Svendsen dirigerer ei aspirantgruppe, fv. Miriam S. Olaussen, Ole Johan Øvrebø, Michalina A. Ufnal og Joshua A. Ognøy.

det rektor **Jarle Nilsen** som snakka om og rundt Lucia og adventstida. Retorikaren flettar ofte inn

sjølvironisk humor i talane sine, gjerne muntre historiar frå tida si som ordførar på Utsira. Det slår også til på Bokn!

Samtlege aktørar gjorde ein kjempeinnsats denne kvelden, og bidro til ein stemningsfull Luciafest.



Sigurd Berge, født 25. april 1952, gikk bort 7. sept. 2013. Han ble 61 år gammel.

Sigurd vokste opp på Bokn sammen med foreldrene Ella og Halvor Torbjørn og tre søstre; Inger Synnøve, Else Turid og Rita. Han giftet seg med Signe Marie i 1971 og etterlater seg tre barn; Knut Sigurd, Christine og Maren, og to barnebarn; Torbjørn og Ove.

Sigurd utdannet seg til servitør. Etter jobb som lærling på Saga var han overkock i Garden. Så ble det noen år på HVM før familien flyttet til Bokn, og Sigurd begynte å jobbe på Bokn Plast. Der var han i 28 år. Hans siste sju år i arbeidslivet tilbragte han på Obs Bygg, der han trivdes særdeles godt.

Sigurd var i det hele en hjemmets mann som likte å ha det pent og ordentlig rundt seg, inne som ute. Hans kokkeferdigheter ble gjennomført hjemme sammen med familien, og det var aldri en festmiddag uten at det var han som hadde laget maten.

Han fulgte godt med i det som skjedde rundt om i verden, og de ulike nettavisene ble flittig lest.

Vi sitter igjen med mange gode minner, og sydenturen sammen med familien høsten 2012 minnes med glede.



Foto: Kjetil Hamre

Margit Søndeland, født 17. januar 1916, døde 24. oktober 2013.

Margit vokste opp på Grønnestad som nr. to i en søskenflokk på ni. Foreldrene var Eliasine og Halvor Gjertsen. Som ung reiste Margit til Haugesund og fikk seg huspost. Etter dette kom hun tilbake til Bokn.

Da krigen var slutt giftet hun seg med Marthur og bosatte seg i Jøsen. Der ble det en trygg og god heim å vokse opp i for de tre barna Arvid, Eli og Rigmor. Marthur var flere år i Amerika så Margit tok seg av hus og barn alene, noe hun klarte utmerket. Hun hadde mange søsken og nær familie som hjalp til i denne perioden.

Margit jobbet på hermetikkfabrikken og senere som hjemmehjelp. Hun likte godt å være ute og stelle i hagen, og ute i marka for å plukke bær.

Marthur døde i 1969 og bare seks år senere ble Eli syk og døde. Det ble en tung tid for Margit, men barnebarn og senere oldebarn ble en stor trøst og glede for henne.

Hun bodde i Jøsen til hun var nær 90 år. De siste årene bodde hun på Boknatun i omsorgsbolig. Her fant hun seg godt til



rette og ble vist omsorg og tatt vare på, på en fantastisk måte.

Margit etterlater seg to barn, fire barnebarn og ni oldebarn.



<p>Forvaltningsstyresak 038/13</p> <p>Gnr. 9 bnr. 162 - Bokn Eiendom AS - 4-mannsbustad - dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan</p> <p>Forvaltningsstyret vedtok med 5 mot 2 røyster:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Bokn kommune frå gjeldande reguleringsplan med tilhøyrande føresegner, for oppføring av 4-mannsbustad, slik det er søkt om. 2. Med atterhald om at det ikkje vert klaga på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen vert søknad om oppføring av 4-mannsbustad og garasje/bodbygg godkjent med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova i samsvar med søknad. 3. Endeleg høgdeplassering av bustadhuset og garasje/bodbygg må vurderast før tomta vert planert. 4. Skrent mot nordaust må sikrast med gjerde før bygget vert teke i bruk. 5. Tiltaket vert plassert i tiltaksklasse 1, unnateke røyrlaggararbeid og ventilasjonsarbeid som vert plassert i tiltaksklasse 2. 6. Det må søkjast om ferdigattest før bygget vert teke i bruk. I samband med dette må det sendast inn gjennomføringsplan og oppmålingsdata for veg, VA-leidningar og bygga. Oppmålingsdata skal leverast på SOSI format 4.0 7. Det skal i medhald av § 11-16 i byggteknisk forskrift monterast brannsløkkereiskap i bygget før det vert teke i bruk. 	<p>Forvaltningsstyresak 040/13</p> <p>Gnr. 1 bnr. 1 - Erik Eikje - frådeling av gardstun - tomt med bustad og stall - handsaming etter § 12 i jordlova</p> <p>Forvaltningsstyret vedtok med 6 mot 1 røyst: Forvaltningsstyret gjev i medhald av delegert mynde samtykke til å dele frå ein parsell på 4 dekar kring tunet på gbnr 1/1, jf jordlova § 12 og grunngjeving i saksutgreiinga. Dersom deling ikkje er rekvirert innan tre år etter at samtykke til deling er gjeve, fell samtykket bort.</p>
<p>Forvaltningsstyresak 039/13</p> <p>Gnr. 10 bnr. 10 - Torunn Feste - bruksendring av driftsbygning til bustadføre mål - klage på vedtak om dispensasjon</p> <p>Forvaltningsstyret vedtok med 6 mot 1 røyst:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel for innreiing/ bruksendring av deler av driftsbygningen på g.nr. 10 b.nr. 10 slik det er søkt om. Forvaltningsstyret finn ikkje at momenta i rådmannen si utgreiing og fylkesmannen si fråråding / klage veg så tungt at det ikkje kan varta gjeve dispensasjon. Det er lagt vekt på dei momenta i søknaden som seier at det av omsyn til kontinuitet i tilhøyrighet for nye generasjonar er viktig å kunne opphalde seg på garden og seinare overta. <p>Etter forvaltningsstyret si vurdering vil tiltaket derfor ikkje føre til at dei omsyn planen er meint å ta vare på, vil verta sett vesentleg til sides, og etter ei samla vurdering, vil føremona ved å gje dispensasjon vera klårt større en ulempene.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Saka blir sendt over til fylkesmannen for vidare ekspedisjon til klageinstans for endeleg vedtak. 	<p>Forvaltningsstyresak 041/13</p> <p>Gnr. 1 bnr. 1 - Erik Eikje - frådeling av gardstun - dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel</p> <p>Forvaltningsstyret vedtok med 6 mot 1 røyst:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel for frådeling av ein parsell på 4 dekar kring tunet på gnr. 1 bnr. 1 slik som det går fram av den lokale landbruksfaglege rådgjevinga i brev dagsett 20.08.2013. Det er lagt avgjerande vekt på den lokale landbruksfaglege tilrådinga og at frådelinga har grunnlag i eit generasjonskifte. Etter forvaltningsstyret sitt syn, vil ei frådeling ikkje føre til at omsynet som ligg bak bestemmelsane det vert dispensert frå vert sett vesentleg til sides, og føremona ved å gje dispensasjon vert vurdert som klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering. <p>Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg frådeling godkjennast administrativt på delegert fullmakt.</p>
	<p>Forvaltningsstyresak 042/13</p> <p>Klage på kommunestyrets vedtak reguleringsplan for DETALJREGULERING FOR VEG I DAGEN VED KNARHOLMEN PLANNUMMER 11452012004, MED PLANKARTENE R401 OG R402.</p> <p>Forvaltningsstyret vedtok:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Klagen på kommunestyrets vedtak av reguleringsplan for veg i dagen ved knarholmen plannummer 11452012004, med plankartene R401 og R402 tas ikke til følge, jfr pbl § 1-9. 2. Klagesaken sendes til kommunestyret. 3. Klagesaken oversendes fylkesmannen for endelig avgjørelse.
	<p>Forvaltningsstyresak 043/13</p> <p>Klage på kommunestyrets vedtak reguleringsplan for REGULERINGSPAN FOR E39 ROGFAST, DETALJREGULERING FOR VEG I DAGEN VED AUSTRE BOKN PLAN 11452012005 .</p> <p>Forvaltningsstyret vedtok:</p> <p>Saka vart trekt før møte.</p>
	<p>Forvaltningsstyresak 044/13</p> <p>Meldingssaker til forvaltningsstyremøte 15.10.2013. Forvaltningsstyret tok meldingssakene til orientering.</p>

Gratulerer!

Gullbryllup 14. desember - Inger & Thor Jøsang.

Vi vil gratulere Inger og Thor Jøsang med gullbryllupsdagen 14. desember.

Store og gode klemmer fra barn, svigerbarn, barnebarn og oldebarn.



Sander Alvestad - 13 år, 15. desember.

Endelig din tur;) Gratulere med 13 års dagen Sander, jolo!

Klem fra mamma;)



post@bygdabladet.no

MMS: 98 22 15 08

Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 10 1993

NY PREST

Som dei aller fleste vil kjenne til har me no vore utan fast tilsett sokneprest i 5 månader.

Dei 3 siste månadene har tidlegare sokneprest til Skjold, Trygve Sandvik, vore tilsett som vikarprest. Me har det så godt med han at det står ikkje på slik om vikariatet hadde vart lenger, men me får takke han for den tid han har vore.

For søndag den 12. desember kan me ynskje vår nye sokneprest, Arne Aurdal, velkomen til si fyrste høgmesse i Bokn. Sokneprest nr. 16 i Tysvær Prestegjeld sidan det vart oppretta i 1848. Før den tid høyrde jo Tysvær til Skjold og Bokn til Falnes.

Den nye soknepresten vert innsett i embetet søndagen før, den 5. desember i Tysværkyrkja. Det vert fest etterpå på Tysværåvåg skule. Me deltek i dette me frå Bokn og.

Arne Aurdal er fødd og oppvaksen i Hundalen ved Gjøvik der faren var prest. Han er 42 år, tok i tillegg til gymnas folkehøgskule, før han tok til med studiene ved Menighetsfakultetet i -71. Ferdig utdanna i -78. Var feltprest i to år, tilsett ved hovedkontoret KFUK/KFUM i fem år. Har vore res. kap. i Voksen menighet i Aker frå -85.

Sjølv om han er langt borte frå, har han tilknytning her med di han er gift med ei tysværjente, Kristine f. Susort (dotter til Sigrid og Gustav). Vårt nye prestepar har tre barn: Jon Rasmus 11, Sigrid 8 og Gaute 6 år.

Me ynskjer dei velkomne, ser fram til å møte dei. Vonar dei får mange gode år her, og at Gud vil signe både dei og arbeidet deira.

Sigvart Våga.

Forvaltningsstyremøte 11. desember 2013

Forvaltningsstyremøte 11.12.2013, sak 046/13

Orientering om utarbeiding av reguleringsplan for havneområdet i Føresvik - Bygg og Kaianlegg.

Forvaltningsstyret sitt vedtak:
Utgreiinga blei tatt til orientering.

Forvaltningsstyremøte 11.12.2013, sak 047/13

Gnr. 1 bnr. 1 -Erik Eikje - frådelling av gardstun - klage på dispensasjonsvedtak.

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

mot ei røyst blei følgande vedtatt:

1. Forvaltningsstyret finn ikkje at momenta i fylkesmannen si klage inneheld nye argument og opplysningar som forvaltningsstyret ikkje var kjent med då det vart gjort vedtak om dispensasjon i sak 041/13. Forvaltningsstyret finn derfor å måtte halde fast på vedtaket i sak 041/13, og finn ikkje at dispensasjon vil føre til at omsynet som ligg bak planen vert

sett vesentleg til sides.

Ut frå den landbruksfaglege uttalen og tillegg-sopplysningane frå søkjar, finn forvaltningsstyret at føremona ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

2. Saka blir sendt over til fylkesmannen for vidare ekspedisjon til klageinstans for endeleg vedtak.

Forvaltningsstyremøte 11.12.2013, sak 048/13

REGULERINGSPLAN ØYREN - ENDRING - 1. gongs handsaming.

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til endring av reguleringsplanen for Øyren med kart dagsett 27.11.2013 og føresegner dagsett 28.11.2013 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Bokn i vinden

Stormen stengte Boknasund bru

Kyrre Lindanger

Om stormen den 5. og 6. desember ikkje førte til større skader i Bokn, skapte han lange trailerkøar og mørkla store delar av bygda.

Orkan i kasta

Middelvinden låg på 58 knop eller 31 sekundmeter vind, og sterk storm på Haugesund lufthamn torsdag 5. desember. På ettermiddagen var han oppe i vindkast opp mot 70 knop og stengte bruer og ferjesamband i Rogaland. Også Boknasundbrua blei stengt denne ettermiddagen og dette førte raskt til lange køar på begge sider av

høgspenteledning falt ned ved Laupland. Desutan førde brustenginga til at det tok det tid å få utstyr og reservedelar frakta til området.

Stormen førte altså ikkje til større materielle skader i bygda,



Trailerkø på Austre Bokn.

Foto: Marie Vågshaug



Boknafjorden viste muskler.

Foto: Ørjan Pedersen

brua.

Ferjesambandet Arsvågen-Mortavika blei også stengt. Det var sporadiske avgangar utover kvelden, men frå midnatt blei sambandet stengt heilt til fredags morgon.

Straumbrot

Heile Alvestadkroken, og dei vestre delane av Vestre Bokn, var utan straum frå 15-tida på torsdagen og utover kvelden. Alvestadkroken fekk igjen straumen i 22-tida, mens Are – med terminalbygget i hamna - Sunnlandsstraumen og Grønnestad var utan straum heilt til fredagskvelden. Det var krevjande for mannskapa til Haugaland Kraft å driva feilsøking i uvêret og det tok tid før ein fekk lokalisert feilen. Straumbrotet på Are skuldast at ei



Dei nye stadionlysa i Føresvik måtte gi tapt for naturkreftene.

Foto: Kyrre Lindanger

Trailerkø

Boknasundbrua og andre bruer på Haugalandet var stengde mens stormen rasa. Sporadisk slapp ein over personbilar og mindre kjøretøy, mens Boknasundbrua var heilt stengt for tunge kjøretøy. Dette førte til mange kjedelege, ukoselege og kalde timar i dei godt over hundre førarhyttene. Nokre var faste i mest eit døgn. Dette førte til at Bokn Røde kors mobiliserte for å ta seg av dei fastkøyrde armingane.

Heile natta til fredag 6. desember dreiv dei med utkøyring av mat og førte elles tilsyn med at yrkesjåførane ikkje lei noka overlast. Bokn kommune opna i tillegg allrommet på Boknatun fredags formiddag for yrkesjåførar, busspassasjerar og andre stormfaste vegfarande. I samarbeid med Bokn Røde kors blei det organisert transport med den kommunale minibussen til Boknatun. Kjøkkenpersonalet på sjukestova laga stormsuppe som blei servert dei vegfarande. Samstundes blei det gitt informasjon om uvêret og siste nytt om brustenginga.

Tilsvarende til-

men dei nye stadionlysa i Føresvik måtte gi tapt for naturkreftene. Også nokre tre bles ned og spera vegen ved Gunnarstad og på Grønnestad.

bod blei organisert av eit Røde korslag på Austre Bokn der trafikantane blei transporterte til bedehuset. Eit hundretals personar blei tatt hand om dette døgnet, og det var eit tilbod som blei godt tatt i mot. Sjåførane uttalte at det hjalp godt på humøret å få seg eit måltid varm mat. Mannskapa frå Bokn Røde kors, tilsette i Bokn kommune og mange frivilljuge gjorde ein kjempeinnsats for E39-trafikantane desse to dagane – ein innsats som blei



Køane strakk seg på det meste fleire kilometer på begge sidene av Boknasundbrua, her ved Knarholmkrysset.

Foto: Kyrre Lindanger

lagt merke til og omtala både vidt og breitt.



Stormsuppe og informasjon for stormfaste vegfarande på Allrommet.

Foto: Jardar Havikbotn

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Kva er det flottaste boknauttrykket

Nå om dagen herjar ein voldsam konkurranse om kva som er det flottaste dialektuttrykket i Rogaland og i landet. Interessa om dialektane har svinga opp til absolutt nye høgder, og store aviser er gjevne ut på dialekt. Som mange vil vita, er det nå om dagen konkurranse om kva som er det beste dialektuttrykket i fylket og også i landet.

Dette vil me fylgja opp også her i "Eg seie meg så" – redaksjonen. Kva er det flottaste boknauttrykket? Kan det til dømes vera "å ha smaudel på", "ei loska" eller "dam dikje"? **Kom med forslag, så ser me kva uttrykk som folk likar best!**

Elles ynskjer me velkomen Pinnakjøtlaget (ein samanslutning av framståande austreboknarar) som melde seg på med brask og bram og full pott. Daglegstova og Andor Bokneberg er likevel ikkje tapte bak ei vogn, også dei hadde alt rett – og vel så det!

Forklaringane:

- | | |
|----------------|---|
| 1. Udkroben | Utspekulert |
| 2. I floktå | Noko som manglar |
| 3. Liga hollen | uinteressert |
| 4. Beinleies | beine vegen, rett fram |
| 5. Aur og saur | tyder eigentleg "grus og sorpa", her: ute av kontroll, over alt |
| 6. ei drevja | ei nylagde kuruke, ring blanding, ekkelt |
| 7. ei horpa | lite omgjengeleg og vanskeleg person |
| 8. å gorpa | å rapa |
| 9. basje | vanskeleg, ufyse |
| 10. nøben | kjenslevar, ein som toler lite |

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...


1. skokjen
2. eit smøy
3. opsavatn
4. eit uhema
5. å vera leietame (i overført meining)
6. vasshåga
7. i toptå
8. ein alur
9. ein stae
10. ein rultekopp

Forslag til forklaringar kan leverast Bogn Bygdablad **innan 13. januar**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Resultat:

Pinnakjøtlaget	10 poeng
Dagsenterdamene	10 poeng
Andor Borgenvik	10 poeng

Dei fleste uttrykka denne gongen er levert av **Helge Laupland**. Takk til han for gode bidrag.



Er ein a-lur ein lur ein tek før b-luren, det vil seia medan sola framleis skin?

Omsetning av eigedomar i Bokn

Lodavegen 568 (Gnr 20, bnr 20) er overdradd fra Jarle Jøsang til Roger Jøsang

(01.11.2013)

Gnr 23, bnr 16 er overdradd fra Daniel Thuestad til Augustin Thuestad

(25.10.2013)

Overdragelsen omfatter også **Gnr 23, bnr 17** (Unni Øksnevad)

Overdragelsen omfatter også **Gnr 23, bnr 18** (Reidun Thuestad)

Overdragelsen omfatter også **Gnr 23, bnr 19** (Ragna Alvestad)

Gnr 23, bnr 20 er overdradd fra Daniel Thuestad til Jorunn Gunnvor Helle

(25.10.2013)

Overdragelsen omfatter også **Gnr 23, bnr 21**


Gnr 18, bnr 36 er overdradd for kr 10.000 fra Erik Våga til Hans Marius Våga

(12.11.2013)

Dalhavnen Hytteområde 3 (Gnr 19, bnr 80) er overdradd for kr 150.000 fra Anne Lisabeth Jøsang og Jan Kristian Jøsang til Steinar Eyvin Hviding Olsen

(12.11.2013)

Kjelde: Statens kartverk



Det er Ivar Aasen-år i år og 200 år sidan han vart fødd. Me hadde ein kulturkveld på bedehuset om han og det vart lese nokre dikt av han. Men ikkje det som kjem her! Det kan gjerne vere hans julehelsing til oss sjølv om det ikkje handlar særleg om jul, men det handlar om undring. Me kan berre ta for oss ei verseline.

*"Eg ottast, alt, som me vita fullt,
er litet mot alt, som fyr'oss er dult."*

Me kan vel gjerne tolka dette ulikt, men tar me det enklaste, reint konkret, så vil me sjå kor sant det er. Alt som er kome til av oppdagingar og oppfinningar etter at Åsen skreiv dette, var "dult" for dei då. No har me fått alt dette, og det er mykje: Motoren, bilar, fly, elektrisitet, telefon, radio og fjernsyn og mykje anna.

Me må berre undre oss.

God jul!

Sigvart Våga

Vit og tru

Ivar Aasen (1813-1896)

Me høyra stundom so stort eit Ord
um alt, som Folk tykkjast vita
um Liv og Lagnad, um Himmel og Jord
og alt, som Mann kan gita.
Eg ottast, alt, som me vita fullt,
er litet mot alt, som fyr' oss er dult.

Eit Frækorn fell av eit Tre i Mold,
det sjølv til eit Tre seg lagar
med diger Stuv og med fager Koll,
som høgt i Vinden svagar.
Kven vilde vel tru, naar han ikkje saag,
at all den Kraft inn-i Frækornet laag?

Me sjaa kring um oss eit Liv so rikt
i tusund Skap det seg rører.
Det unge Dyr er det gamle likt,
og lystigt sitt Liv det nører.
Kvat er detta Livet? Kor kom det der
og kvar verd det av det, naar ut det fer?

Me sjaa ei Sol, som sender oss Dag
og jamstødt søkker og spretter.
Det gjenger kvart Aar med same Lag,
med Vaar og Sumar og Vetter.
Kor lenge gjekk det vel so som no?
Kor lenge skal det vel ganga so?

Me sjaa uti Rømdi so stor ein Kring,
der Stjerner i Natti yrja;
og Vetterbrauti stend som ein Ring,
der framande Himlar byrja.
Seg, er der vel einstad ein Ende paa?
Og kvat er so utanfyr' Enden daa?

Nei, vesle Vitet det rekk ikkje til.
Ei Tru maa stydja upp-under, -
ei Tru, som trøysta og styrkja vil
i myrke, stormande Stunder.
Eg vonar, den Viisdomen hjelper mest,
som med slik ei Tru kunde semjast best.

Peparkake-Bokn

Då dette bladet gjekk i trykken 17. desember stod fire flotte og velduftande kunstverk i servicetorget. Det blei i år levert inn i kategoriane enkeltperson, par og

gruppe, og når dette blir lese har det vore premieutdeling.

Peparkakevokterane i servicetorget tar nå ein pause, og neste peparkakeBokn-konkurranse blir til jul i 2015.





Farleg jul!

Om Lussi Luva og anna juleskrømt

Birger Lindanger



Korfor "jul"?


Som me var inne på i julenummeret for 2012, var jula ei tid for all slags skrømt.

Andre stader i verda speglar sjølve namnet på høgtida at ho er knytt opp mot kristendommen. Såleis heiter det på tysk "Weihnacht" og på engelsk "Christmas". Men i Noreg har ein behalde den gamle, førkristne nemndinga "jöl" eller "jul". Det var namnet på den store, fellesnordiske heidenske festen ved vintersolverv og namnet på månaden midtvinters kring nyttår.

Då kristendommen kom til Noreg, tykte ein det var leitt å ha ei heidensk nemning på høgtida. Difor prøvde kyrkja seg med *Gudz fødzlu høgtidh*. Men denne meir tungvinte formuleringa vann ikkje fram mot det heidenske, men mykje enklare *jöl*.

Jul ved Karmsundet anno 872

Det fyrste glimtet av julefeiring her i Rogaland, skal etter Snorre vera frå 872 e.Kr. Tidspunktet var rett før jul og staden var kanskje kongsgarden på Avaldsnes der Harald Luva nett hadde mista far sin, Halvdan Svarte. Harald var då bare ein gutunge, kanskje kring 14 år. Han var samstundes blitt konge



Jærbuane etter at dei var komne heim, lengtande etter mjød.

I staden for å venta på julenissen på Avaldsnes, drog altså gutungen med mykje folk til Hafrsfjord for å halda slag med jærbuar og egder. Sidan heiter det i kvadet at dei overlevande sprang heim over Jæren lengtande etter mjød – ei omskriving for at dei ville heim og halda julegjestebod.

Julefeiringa gjekk elles alt i heiden tid over fem veker: Fyrst tri veker førjulsførebuingar og sidan to veker romjulsfeiring.

Lussi eller Lucia?

Nå om dagen er det vanleg at me den 13. desember arrangerar Lucia-



Ein noko nyare variant av julesveinar – med frue.

over det meste av Vestlandet, men mangla området sør for Boknafjorden.

Slik skildrar Torbjørn Hornklove det som så skjedde:

*Kongen etlar seg
Til ute å drikka jul
Hovdingen den hæve
Hastar til leiken hans Frøy
Ung vart han lei eldstad
Og innesete
Og den varme stova
Og vottar dunete*

Tidleg ludospel og hestekut

Sjølvs feira Harald jul på Utstein som kanskje tidlegare hadde vore kongsgarden til Haklang, ein av hovdingane som fall i Hafrsfjord. Der spela krigarane hans tavl – ei slag Brettspel – om austrøne kvinner. Slik ser me at spel høyrde til julefeiringa alt i førkristen tid her ved Boknafjorden. Sidan var det vanleg så, slik det var skikk også her i Bokn mest fram til 1800-talet, å halda *hestekut*. Dette var det vanleg å arrangera 2. juledag, minnedagen til St.Stefan. Det hang kanskje saman med at St. Stefan var vernehelgen for hestane. Hestekut var eit veddemålsløp der det galdt om å ha den raskeste hesten.



Lussi Luva var stygg og mannhaftig.

opptog. Denne feiringa har opphav i den katolske mellomalderen og blir gjort til ære for tenåringshelgenen St. Lucia. Ho blei martyr i 304 e.Kr. bare 19 år gammal fordi ho nekta å gifta seg med ein heiden mann. Skikken tok slutt i Noreg i samband med reforma-

sjonen, men kom tilbake via Sverige i 1950-åra.

Men boknarane – og andre rogalendingar – hadde ei anna, mykje meir mannhaftig kvinnfolk som herja 13. desember. I motsetnad til den lyse og vevre St. Lucia, var den rogalandske Lussi Luva eit grovt, stygt, krakilsk og valdeleg kvinnfolk som 13. desember – tolv dagar før jul – herja kring på gardane i lag med dei like sinnesgalne sveinane sine. Og medan St. Lucia har namnet sitt etter lyset, hadde Lussi namnet sitt etter sjølve Lucifer – vondemannen.

Likevel hadde ho ei positiv oppgåve, ho fungerte nærast som eit arbeidstilsyn.

Denne natta tolvte dagen før julaften skulle nemleg alt arbeid kvila. I skumringstimen denne dagen skræmde dei gamle boknarane kvarandre med kva mon Lussi Luva kunne finna på mot dei som ikkje heldt seg til spelereglane.

Dei kunne fortelja kva som hadde skjedd på forskjellige gardar når Lussi Luva kom med gjengen sin og oppdaga at tenestefolk framleis var i arbeid. På ein gard sto ei jente og baka då Lussi dukka opp og spurde henne om ho ikkje visste kva natt det var. Men jenta var tøff og svarta kjekt:

*Lat Lussa, lussa
Som Lussa vil
Så lussar eg fram nå
Med leiven min!*

Men det skulle ho aldri ha sagt. Då ho la leiven på hella, datt handa av henne, hella sprakk i to og leiven gjekk sundt i sju stykke!



Julesveinane var ikkje å spøka med!

Lussi skulle også halda kontroll med at folk på gardane var ferdige med all ølbrygginga den 12. desember. Det var stor skam her i kring om det ikkje var gjort. Og kom Lussi, kunne ho og sveinane finn på å drikka opp alt det som fanst av øl og dei kunne ta folk på garden flytta dei langt av garde – til dømes til Susort eller over til Karmøy eller Galta. Det var stritt nok i ei veg- og ferjelaus tid.

Å gå julebukk

Det var etter 12. desember det var fritt fram for all slags skrømt og julevetter. Om nettene kunne ein møta trollkjerringar ridande på sopelimane sine. Då galdt det om å ha med seg stål eller krossar for ikkje risikera hendelsløysa!

Nokre andre som det kunne vera slit-samt å møta, var julesveinane som drog kring og plaga folk i jula. Dei hadde bukkehovud med lange horn. Særleg irriterande var det at troll stundom kledde seg ut som julesveinar og drog med seg ungjenter inn i berget til seg! Noko som også var trøttande med desse julesveinane, var at dei kunne gjera fruentimmer med born utan at dei sjølv visste om det.

Etter kvar blei julesveinane trengde ut av ungdom som utkledde med bukkemaske og skinnfelle gjekk kring for å skræma folk. Dei let seg bare blidgjera ved at folk ofra diverse godsaker til dei.

At ein bruka bukkemaske, hang saman med at bukken frå gammalt var eit symbol på virilitet. Difor ofra ein kvart år kloss før jul for eit fruktbart år. Då kristendommen kom til Bokn, gjekk bukken over til å symbolisera noko vilt, dyrisk og syndig. Slik blei jamvel Gamle-Erik framstilt med bukkehorn.

Slik sett er den moderne varianten av julebukkan meir uskuldig.



STØRST AV ALT

I februar og mars er det tid for KodeB for dei som går i 5. klasse på Bokn og i Tysværåvåg.

I fjor hadde me opplegget med KodeB for fyrste gong. Opplegget er eit samarbeid mellom dei to kyrkjelydane. Fyrste samlinga blir på bedehuset på Bokn og den andre på Soknehuset i Tysværåvåg. Andre helga i mars blir det leir på Soknehuset og gudstenester på søndagen begge stader.

Gjennom Kode B ønskjer me at 10-åringane skal få bli kjent med Bibelen. Me ønskjer at dei skal få oppleve at Bibelen er ei rik og spennande bok. Me ønskjer at dei skal bli nysgjerrige på kva som står i denne boka slik at dei vil lese meir i Bibelen. Bibelen er ei spennande bok!

På samlingane vil 5. klassingaene få sjå filmsnuttar, lære KodeB-dansen, høyre mange forteljingar frå Bibelen og gjere ulike oppgåver saman. Me vil og på nokre av samlingane lage noko som me skal kose oss med etterpå. På gudstenesten søndagen etter leiren blir

KodeB på for 5. klassingane

Tekst: Greta S. Elverhaug - foto: Kyrkjjenær



STØRST AV ALT

det utdeling av Bibelen til dei som går i 5. klasse.

Tradisjonen med utdeling av Bibel til 10-åringane har me hatt i lange tider. Men opplegget med KodeB var nytt i fjor.

Dersom du vil vite meir om KodeB, så kan du gå inn på nettsidene til Kirken.no. Rett over nyttår vil det kome invitasjon i posten til alle 10-åringane. Me legg og ut info på heimesida vår www.tysvaerkirken.no og www.kyrkjaibokn.no

Dersom du gjerne vil vere med og hjelpe til på samlingane og/eller leiren, så ta kontakt med Marit Sofie T. Vikre, kateket i Tysværåvåg eller Greta S. Elverhaug, kyrkje-lydspedagog i Bokn.



2012: Øving på KodeB-dansen.



Mat må me ha!



Altibox har Norges mest fornøyde TV- og bredbåndskunder

- fjerde året på rad!



Det er vi som har ekte fiber

- bestill på haugnett.no





Hytter/Leiligheter med båt og kai plass
Uke, måned eller året
Ta kontakt med
Atle Jøsang - tlf. 900 72 369
Mail: atle.josang@griegseafood.com

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og
Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)

Bokn Bygdablad

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
 E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien
 Kjetil Hamre
 Hanne Marte Vatnaland

Gjeldande annonseprisar

Heilside	kr. 2.000,-
Halvsida	kr. 1.000,-
Kvartside	kr. 500,-
1/8 side	kr. 250,-
Privatann.	kr. 100,-
Nettannonse	kr. 100,-
Fastannonse	etter avtale

Foto, omslag:
 Stephan Haram

KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå 2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinngleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaant.	500 kr.

Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
Epost: kjellfrode75@hotmail.com

NEDREBØ MASKIN & TRANSPORT

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
 909 24 964
 Kjell Frode Lie
 907 83 797

Takk

Hjertelig takk for gaver og helsingar på 80 års dagen min.

Anna Are

Kulturkalenderen

- | | |
|-----|------------------------------------|
| 24. | Gudsteneste kl. 14.00 |
| 26. | Gudsteneste kl. 11.00 |
| 29. | Juletefest. Bokn Bedehus kl. 15.00 |
| 31. | Gudsteneste kl. 16.00 |

Nye datoar for første halvår 2014 vil først koma på www.bokn.no rett over jul og i Bokn Bygdablad nr. 1 neste år.

Avlasting

Bokn kommune søker familie som kan være avlastingshjem for et barn. Oppdraget har et omfang på 1 dag eller et døgn hver fjerde uke.

Interesserte kan henvende seg til kommunen på tlf 52752500, spør etter Anne Berit Gilje for en uforpliktende samtale eller send e-post til AnneBerit.Gilje@bokn.kommune.no

Bokn Bygdablad ynskjer alle lesarane sine ei fredeleg jul!

Bokn legekantor informerer

Åpningstider jula 2013

Legekantoret held stengt frå 23. desember til og med 1. januar. Dei vanlege arbeidsdagane vil Hegren legesenter tlf. 52 75 88 00 vere vikar for våre pasientar.

Kveld, natt og alle helgedagar vil det vere legevakta som handterer alle henvendigar som ikkje kan vente til neste arbeidsdag.

Tlf. til Bokn legevakt er som vanleg 52 74 85 22

Offshoreattest og helseattest for sjøfolk

Etter ny ordning om attest for tilsette i havbasert petroleumindustri må det frå 1/1-14 vere særskilt godkjend lege som kan skrive attest slik det har vore for sjøfolk tidlegare.

Bokn legekantor kan frå 1/1-14 til glede for alle nye og gamle pasientar skrive ut begge typar attestar! Du treng ikkje ha fastlege på Bokn legekantor for å få time til dette.

Næringsliv

Flott firmannsbolig på Bokn. 3 av 4 leiligheter er solgt!

Leilighetene er lyse og vennlige med store vinduer i front som gir en flott utsikt over Føresvik og Boknasundet.

Hjørnetomt med sentral beliggenhet i Føresvik, uten gjennomgangstrafikk i et rolig og fredelig nærområde i et etablert byggefelt.

Bygget er plassert i høyden som gir gode lys- og solforhold.

Kort vei til skole, barnehage, kommunesenter, bank, butikk, turterreng, med mer. Alt innenfor en radius på 300 meter!

Pris leilighet C på 95m2 inkludert carport og utvendig bod: Klar for egen innsats kr. 2.330.000. Nøkkelferdig kr. 2.490.000 inkludert hvitevarer.

Leilighetene er planlagt innflytningsklare medio juni 2014.

Se for øvrig annonse på www.finn.no eller kontakt Lars Norekvål på tlf. 93015544 for mer informasjon.



Fasade mot Øst





I romjula blir det åpent
mandag 30/12.

Ønsker alle en gledelig jul
og et godt nytt år!

Hilsen Mona



Frisørrommet på Boknatun
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag

Oddetallsuger:
kl. 09-16
Partallsuger:
fleksible
åpningstider



Vil ønske alle en riktig god jul
og et godt nytt år!

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34

**DAGSENERET**

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00
Trenng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør



NAV
BOKN

Stengt
Julaftan
Nyttårsaftan

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

Bengt Krystad - leiar

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN TANNKLINIKK

Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær
tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust

LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl.
08.00 - 12.00

Direktenummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75
Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

BOKN FOTTERAPI

Heimelokale, Øyren 16

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Rita Bokneberg - fotterapeut

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt
onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 - 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring
Bokn Legevakt 52 74 85 22
(heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand,
ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS,
sjå www.bokn.no for meir info.

Jan Schille - lege

PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 - 14.00 alle
dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36
Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar,
tysdagar og onsdagar kl. 08.00 - 15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil
93 85 14 09

Henriette S. Lindanger - helsesøster

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet
måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på
tlf. 40 41 12 61

**Timebestilling: Ta kontakt med Bodil
på mobil 40 41 12 61**

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje
veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte
kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

Annonsér i
Bokn Bygdablad

VI FLYTTER TIL BOKN I ROMJULEN

i den anledning tommer vi lagaeret og gir store prisavslag på en rekke varer..



Kicker DX500.1.
 Bass forsterker 1 x 500 watt RMS.

NÅ
-25%
2795,-



Alpine CDE-174BT.
 CD/Radio kombinasjon med Blåtann for håndfri telefonbruk og musikkoverføring. USB og AUX. 4 x 50 watt og 4 kanal linjeutgang.

NÅ
-30%
1795,-



Kicker DCVR122.
 Dobbel 12" basskasse 800 watt RMS 1600 watt maks effekt.

NÅ
-25%
4295,-



Rockford Fosgate Punch P2D2-12.
 Basshøytaler 12" 400/800 watt

NÅ
-30%
1495,-



Alpine iXA-W404R
 Dobbel DIN Digital Media Stasjon med FM/AM radio USB inngang, 4 x 50 watt, 6 kanal linjeutgang, Billed og lyd inngang.

NÅ
-30%
4995,-



Rockford Fosgate P1694.
 Punch 6 x 9" 4 veis høytaler par 75/150 watt.

NÅ
-25%
1195,-



Alpine CDE-170RR
 FM/AM radio CD spiller kombinasjon med USB og AUX, 4 x 50 watt, linjeutgang, rød knappebelysning.

NÅ
-25%
995,-



Dension DAB+U
 DAB+ radio adapter for anlegg med USB.

1595,-



Gembird DCAM003
 Dashboard kamera

995,-

**Lagerførte monteringssett
 tildiverse - biler - 20%**



**Lagerførte kabelsett
 og kabler - 20%**



Åpningstider November/Desember
 Mandag - onsdag Kl. 10 til 16
 Torsdag Kl. 10 til 17
 Fredag Kl. 10 til 16
 Lørdag Kl. 11 til 14

Skjoldavegen 12, 5525 HAUGESUND
 Telefon: 52 72 39 56
 Mail: post@bernhardsbillyd.no

